


Andakt til palmesøndag

ved prestestudent Birgitte Kessel



Mektig og makteslaus

På veg inn i ei spesiell påske trur eg vi kan konstatere at det er mykje vi ikkje har makt over. Vi får kjenne på korleis det er å vere makteslause i møte med eit ørlite virus, og vi har, utan å klage nemneverdig mykje, lete politikarane våre ta frå oss store mengder makt over eigr liv. Makt kan vere på godt og vondt. I beste fall er makt livgivande og i verste fall er makt enormt destruktivt. Men vi kjem ikkje utanom makt.

Det er palmesøndag, og Jesus rir inn i Jerusalem som ein konge – med makt. Folk strøymer til, fordi Jesus nettopp

har vist si makt. Han har reist venen sin, Lazarus, opp frå døden. Denne dagen er Jesus ein mektig konge, til glede og undring, men også til provokasjon og sinne. For han er ikkje heilt som dei andre makthavarane. Han brukar den sosiale makta si til å prate med dei som vert sagt å vere feil folk. Han brukar makta si til å gjere sjuke friske. Han veltar bord i tempelet når nokon prøver å tene pengar på dei åndelege behova til fattige menneske. Han vaskar dei skitne føtene til lærersveinane og viser dei korleis ekte leiarskap skjer nedanfrå. Han skapar liv midt i det daude. Jesus er den som viser oss korleis makt kan brukast: Til å reise opp dei som ligg nede, lækje det som er såra og vondt, forsona det som er rive frå kvarandre, invitere menneske inn i et livgivande fellesskap, med seg sjølv, og med andre.

Maktdramaet i påskeveka er fullt av kontrastar og paradoks. Den mektige kongen blir plutselig den makteslause krossfesta kongen. Vi er førebels berre på palmesøndag, men påska må også «lesast baklengs» for at vi skal forstå det som opprørarane mot Jesus ikkje forstod. At han ikkje skulle bruke makta si til å vinne ein kongetittel, men brukar si makt for å vinna eit folk. Nett ved å gjere seg makteslaus og gje sitt liv i total audmjuking på krossen. For så å koma med den største maktdemonstrasjonen, nemleg sigeren over døden.

Vi har alle forskjellige erfaringar av korleis makt vert brukt og misbrukt. Vi lever i spennet mellom å ha makt over eiga liv, og å kjenne på det å vere makteslaus i møte

med det vi ikkje har kontroll over. Midt mellom makt og avmakt. Akkurat no for tida får vi kjenne på korleis det er å gje opp individuell makt og fridom til det beste for fellesskapet. Det treng vi kanskje. Nokon av oss treng også å reise oss etter å ha blitt fråteken makt og verdigheit. Andre av oss treng å ta eit oppgjer med korleis vi brukar makta vår overfor andre menneske. For dei fleste av oss gjeld begge deler. Vi er alle ein del av ei verd der det skjer maktmisbruk, både i undertrykkande relasjonar og i undertrykkande strukturar. Ved å bruke makta si radikalt annleis, kunne Jesus nettopp peike på og avsløre maktmisbruket og vise oss eit alternativ. Makt kan brukast til det gode. Makt kan brukast til å lyfte menneske opp framfor å halde dei nede. Til å tene framfor å herske. Og midt i det som tilsynelatande synar svakt og makteslaust, kan den aller mektigaste kjærleiken synast.